



Gruppene som kom på første, andre og tredje plass fekk kvar sin sjekk av ordførar Gudny Fagerhol.

## Ungdomsskule ein pionerskule når det gjeld Ungt Entreprenørskap: – God skaparevne hjå Ørsta-elevar

Ørsta ungdomsskule har vore ein pionerskule når det gjeld Ungt Entreprenørskap. For tredje året på rad arrangerte skulen gründercamp, og det mangla ikkje på gode idear.

Ørsta er den einaste kommunen i Sjustjerna (interkommunalt samarbeid mellom kommunane Haroid, Herøy, Ulstein, Sande, Vanylven, Volda og Ørsta) som har valt å satse på gründercamp. Programmet vert gjennomført saman med Ungt Entreprenørskap Møre og Romsdal.

– Føremålet med gründercamp er at dei unge skal bli kjende med lokalt arbeids- og næringsliv. Elevane får eit oppdrag frå til dømes næringslivet som dei skal presen-

tere løysinga på innanfor eit avgrensa tidsrom. Oppdraget skal vere realistisk, fortel prosjektleiar Stine Bratteberg som er imponert over både ungdomsskulen, næringslivet og elevane i 9.klasse. Spesielt synest ho lærar Inger Vatn har lagt ned mykje arbeid i prosjektet.

– Vatn har vorte ekspert på dette skule-næringsliv samarbeidet. Ho kan det til fingerspissane, seier Bratteberg, som legg til at bedriftene i alle desse tre åra har vore veldig fornøgd med Ørsta ungdomsskule.

### Berre skryt

I år var det Vik Ørsta, Sparebanken Møre, Ørsta - Volda lufthamn, Ivar Aasen-tunet, Skeidar, Tine, Ørsta kommune, Brudavolltunet, Ørsta camping, Reiselivslaget, Høgskulen i Volda og Amfi som hadde sagt ja til å samarbeide med Ørsta ung-

domsskule og Ungt Entreprenørskap.

– Alle arbeidsplassane og verksemdene har vore nøgde med dykk. Vi har ikkje fått ei einaste klage, sa Vatn då premieringa skulle ta til etter fleire timar med presentasjon i salen på Ørsta kulturhus. Ho meinte at elevane i 9.klassene i år er ekstra greie.

### Skredvarsling

I juryen sat ordførar Gudny Fagerhol, Martin Foldal (næringsjef), Idun Hofseth (oppvekst- og kultur), Kari Buset (inspektør), Knut Steinnes (Rufo) og elevrådsleiar Vilde Vartdal Halse. Dei gjekk rundt i det store lokalet på Ørsta kulturhus og fekk sjå og høyre kva elevane hadde arbeidd med.

Nokre hadde mykje konkret å vise fram, andre hadde kanskje meir å fortelje. Ei av gruppene hadde laga eit skredvarslingssystem og bygd ein diger modell for å vise korleis systemet verka. Gruppe-medlemmene hadde lese mykje på nettet, og hadde mellom anna lært kva ordet «geofon» tyder. Dei syntest oppgåva hadde vore ganske utfordrande, og var fornøgd med responsen frå ordføraren.

– Gudny var heilt med då ho fekk sjå og høyre om skredvarslingssystemet vi har arbeidd med. Ho skulle på eit møte om akkurat dette temaet i dag, seier Martin Aambakk.

### Leselampe

Lærar Inger Vatn sat ikkje i juryen, men ho hadde likevel sine favorittar. Ho likte godt kuba med bilde av Høgskulen og Volda. Den meinte både ho og dei som hadde laga den passa perfekt som gåve til gjesteforelesarar.

– Høgskulen bør absolutt nytte seg av denne gode ideen, seier ho.

Inger hadde også stor sans for leselampa som var forma som ei gatelykt. Lampa var ein ide til kva Vik Ørsta kan gi til sine gjester og tilsette.

– Vik Ørsta har mange slike gaver, men vi syntest dei mangla ei som passa litt betre til det dei driv med til vanleg, seier Bjarte Bjørkedal.

### Toppkandidatane

Etter at juryen hadde teke seg god tid til å sjå og høyre på elevane trekte dei seg tilbake for å kome med dommen. Stemninga var spent. Resultatet vart lese opp av Gudny Fagerhol. Ho vedgjekk at det har vore vanskeleg å kåre topp-

kandidatane. Men dei hadde kome fram til at «Uteområdet til Ørsta camping», «Skredvarslingssystem» og «Reisa til Ivar Aasen» hadde gjort best inntrykk. Desse kandidatane fekk så kome fram og presentere arbeidet ein gong til. Då dette var gjort måtte juryen igjen samle seg.

Det endelege resultatet vart slik: 1: «Reisa til Ivar Aasen». 2: «Skredvarslingssystemet». 3: «Uteområdet til Ørsta camping».

Alle gruppene fekk pengepremiar, men berre dei som gjekk av med sigeren fekk to hundre kroner til kvar enkelt på gruppa.

### Overraska

Vinnarane var skikkeleg overraska.

– Vi trudde dei med skredvarslingssystemet kom til å vinne, seier Signe Medina Welle.

– Korleis kom de på ideen med spelet?

– Vi fekk i oppgåve å lage eit jubileumsprodukt. Eit brettspel var ikkje det vi kom først på. Ein av ideane var sengeklede, fortel Signe. Brettspellet dei laga hadde briker med bilete av Ivar Aasen, og spørsmålkort med oppgåver om språk og historie.

Den glade gjengen hadde likt seg godt i Ivar Aasen-tunet.

– Kjersti Bae (formidlingsleiar ved Aasen-tunet) var kjekk å samarbeide med, seier dei blide vinnarane.

### Fornøgd

Leiar for 9.klassesteget, Marianne Solbjørg Ose, var fornøgd med innsatsen til alle dei involverte.

– Bedriftene har vore flinke til å vere disponible for elevane. Og elevane har gjort eit godt inntrykk på dei ulike verksemdene. Dei har alle arbeidd sjølvstendig og godt, seier ho.

**Ingvild Runde**



F.v.: Bjørn Andre Myklebust, Anna Vik, Veronika Hafezi, Sigrid Terøy Finnes og Karen Dimmen Opsahl fekk tredjepremie for prosjektet «Uteområdet på Ørsta camping». Her legg dei fram planane sine for dommarane og publikum.



Ordførar Gudny Fagerhol syntest at skredvarslingssystemet til Nikolai Foldal Aam, Lena Brune, Daniel Aklestad og Martin Aambakk var godt og aktuelt.



F.v.: Solveig Øye Bjørdal, Kristine Marie Myrhol, Magnus Myrene Stokke, Kjell Christian Clausen og Tommy M. Ervik hadde laga ein terning med bilete av Volda og høgskulen. Terningen kunne ein snu rundt på, slik at det stadig kom nye motiv.



F.v.: Robin Sætre, Bjarte Bjørkedal, Jannike Mo, Richard Yndestad og Andreas Gausdal hadde laga ein lampe som Vik Ørsta kan bruke som gåve eller profileringsprodukt.